



## Innkalling av Formannskapet

**Møtedato:** 09.04.2015  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 11:00 - 12:00

**Møtet vert halde etter møte i kommunestyret samme dag.**

Eventuelle forfall må meldast til Kundetorget på tlf 56 59 90 00 eller e-post:  
[postmottak@modalen.kommune.no](mailto:postmottak@modalen.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
026/2015	Godkjenning av innkalling og saksliste
027/2015	Godkjenning av møtebok
028/2015	Godkjenning av planprogram for detaljregulering av sandtak Krossdal og Helland
029/2015	Vidare oppfølging av ulike krav frå Oddbjørn Otterstad Gnr 77 Bnr 1

26. mars 2015

Knut Moe  
Møteleiar

Øivind Olsnes  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes		15/76

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
026/2015	Formannskapet	PS	09.04.2015

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		15/76

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
027/2015	Formannskapet	PS	09.04.2015

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

32T

Protokoll - Formannskapet - 17.03.2015



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 17.03.2015  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Gisle Heimly	SO	Medlem	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	Ikkje meldt forfall, vara ikkje innkalla

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	Deltok under drøfting av kommunestruktur
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

Saknr	Tittel
020/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
021/2015	Godkjenning av møtebok
022/2015	Godkjenning av møtebok
023/2015	Orienteringssaker
024/2015	Avtale om overdraging av motorbåten "Blien"
025/2015	Rehabilitering av nærbutikk Coop Øvre Helland - søknad om tilskot frå næringsfondet

### Notat frå møtet:

#### Følgjande program vart gjennomført:

09.00-10.00	Møte i Modalen formannskap - førebuing av felles møte
10.00-12.00	Felles møte mellom formanskapa i Vaksdal og Modalen – tema kommunereforma
12.00-13.00	Lunsj på Mobryggja
13.00-14.00	Møte i Modalen formannskap - sakliste etter innkalling

#### Etter handsaming av saklista vart møtet lukka:

Ordførar orienterte om status i forhandlingar med ein grunneigar om ulike krav mot kommunen. Formannskapet fekk i møtet utlevert siste korrespondansen mellom partane.

020/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Innkalling og sakliste vert godkjent

---

021/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

022/2015: Godkjenning av møtebok

Behandling:  
Samrøystes

Vedtak:  
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

023/2015: Orienteringssaker

Behandling:  
**KOMMUNESTRUKTUR**

**Møte i Regionrådet for Nordhordland - felles prosjekt om kommunestruktur**

Varaordførar og rådmann deltok på regionrådsmøte den 13.03.15 og gav ei orientering om status og drøftingar av denne saka i dette møte.

Regionrådet har no rådd til at alle kummunar vel 3 politikarar frå kvar kommune, som skal delta i

forhandlingar mellom kommunane i fellesprosjektet. Rådmennene i alle kommunane skal og delta.

Regionrådet vil kalla inn til eit felles forhandlings-/drøftingsmøte den 16. april 2015.

### **Møte mellom formannskapet i Vaksdal og formannskapet i Modalen kommune**

#### **Frå Vaksdal kommune møte:**

Ordførar Eirik Haga, Varaordførar Sigmund Simmenes, Bjørg Åse Nottveit Høp, Heidi Rongved, Helge Gullbrå, Silje Stien, Anneli Vatile Lilletvedt, Karin Groth og Rådman Trine Grønbech

Ordførar Knut Moe ønskte formannskapsmedlemene i Vaksdal velkomne til Modalen og innleia møtet om kva felles interesser og samarbeid som i dag er mellom kommunane.

Ordførar Eirik Haga og rådmann Trine Grønbech orienterte om folkemøta og drøftingane som er gjennomført vinteren 2015 under Vaksdal kommune sin sonderingsfase. Det vart også gjeve ei orientering om kva vidare prosess Vaksdal planlegg fram til endeleg vedtak av alternativ våren 2016.

Etter orienteringa var det drøfting der det framkom ulike synspunkt på behov for endring og om kva som bør avklarast og vektleggast i den vidare prosess. Fleire av Vaksdal sine formannskapsmedleamar uttalte ønskje om at Modalen og Vaksdal burde utgreiast som eit alternativ for samanslåing. Vaksdal har i første fase også skissert eit alternativ der kommunen kan verte delt opp og der ulike delar kan verte slegne saman med fleire andre kommunar.

I møtet vart det ikkje trekt nokon konklusjon i høve vidare felles oppfølging av saka.

Felles møte vart avslutta med lunsj på Mobryggja.

#### **Oppsummering i Modalen formannskap**

Formannskapet konkluderte med at saka vert å drøfta nærmare i komande kommunestyremøte.

Formannskapet samla seg også om å føreslå at kommunestyret vedtek at det skal haldast ei rådgjevande folkerøysting om eventuell kommunesamanslåing for Modalen.

Vedtak:

Orienteringar vert tekne til vitande

---

## 024/2015: Avtale om overdraging av motorbåten "Blien"

Behandling:

Følgjande avtale vert lagt til grunn for ein avtale mellom partane:

AVTALE VEDKOMANDE OVERDRAGING AV «BLIEN»  
Mellom Modalen kommune og Øystein Senneseth fnr. ....  
er det inngått slik avtale for overdraging av motorbåten «Blien».

I 1995 fekk Modalen kommune «Blien» i gåve frå Martin Steinshaug. Steinshaug var busett i Mostraumsvika og hadde nytta «Blien» som skyssbåt i området her. Føresetnad for gåva var at Modalen kommune skulle vedlikehalda og ta vare på båten.

Modalen kommune har sett båten i stand og halde den vedlike som føresett, men dei siste åra har båten våre lite i bruk. Veteranbåtklubben på Stamnes har føreteke naudsynleg vedlikehald av båten dei siste åra. Dette er det no problem å vidareføra.

Øystein Senneseth er i slekt med Martin Steinshaug og har overteke slektsgarden i Mostraumsvika. Øystein Senneseth har maritim bakgrunn og er oppteken av å ta vare på kulturhistorie, reiskapar og bygningar på garden i Mostraumsvika. Han har derfor stor interesse for å overta «Blien» og tilbakeføra den til miljøet i Mostraumen. Øystein Senneseth er derfor villig til å overta eigarskap og ansvar for vidare vedlikehald av «Blien».

Partane legg følgjande vilkår til grunn for overdraginga:

1. Modalen kommune overdreg «Blien» slik den no er, vederlagsfritt til Øystein Senneseth
2. Ved underteikning av denne avtalen tek Øystein Senneseth på seg ansvar og kostnader med framtidig vedlikehald og forsvarleg lagring for å ta vare på båten.
3. Senneseth forpliktar seg til å ikkje selje eller overdra båten til andre eigarar i ein avgrensa periode på minimum 10 -ti- år frå inngåing av denne avtalen. Om båten av ulike grunnar må skifte eigar i løpet av denne tiårsperioden skal ei eventuell overdraging godkjennast av Modalen kommune.
4. Øystein Senneseth vil i avtaleperiode stasjonere «Blien» ved Mostraumen og leggje til rette for bruk av båten i lokale samanhengar.

Denne avtalen er underteikna i 2 -to- eksemplar, eit til kvar av partane.

Mo den .... 2015

Modalen kommune  
ordfører

Øystein Senneseth



Samrøystes

**Vedtak:**

Modalen kommune overdreg motorbåten «Blien» vederlagsfritt til Øystein Senneseth på dei vilkår som framgår av vedlagd avtale mellom partane.

---

025/2015: Rehabilitering av nærbutikk Coop Øvre Helland - søknad om tilskot frå næringsfondet

**Behandling:**

Etter drøfting av saka i møtet samla formannskapet seg om å tilrå at Modalen kommune skulle yte inntil kr 875.000 i tilskot, som utgjer 50% av eksterne kostnader slik Coop Modalen har søkt om i brev datert 16.01.2015.

Samrøystes

**Vedtak:**

Modalen kommune løyver inntil kr 875.000 (50 % eksterne kostander i søknadsgrunnlaget) i tilskot frå næringsfondet til delfinansiering av omsøkte investeringar for rehabilitering av Coop Modalen sin butikkfilial på Øvre Helland.

Vilkår for utbetaling av tilskot:

Tilskotet kan utbetalast på grunnlag av medgåtte kostnader i høve til kostnadsoppsettet som ligg til grunn for tilsegnet. Dersom faktiske kostnader vert vesentleg lågare enn budsjettert, vil innvilga tilskot verte redusert prosentvis i høve faktiske kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Rekneskapet skal vere attestert av revisor eller anna kvalifisert person for dei som ikkje har revisorplikt.

Utbetaling må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

**EØS-regelverket – opplysningsplikt.**

Tildeling av tilskotet vert gjort i samsvar med reglane for bagatellmessig stønad. Ved eventuelle nye søknader om offentleg stønad (uansett stønadskjelde) har stønadsmottakar plikt til å opplyse om dette tilskotet. Opplysningsplikta gjeld i 3 år frå tilsegnstidspunktet.

Før utbetaling av tilskot må mottakaren skriftleg stadfeste eventuell anna bagatellstøtte som

foretaket har motteke i det aktuelle skatteåret og i dei to føregåande skatteåra slik at ein sikrar at tilskotet er innanfor gjeldande maksimalgrense for bagatellstøtte, 200.000 euro over ein periode på 3 år. Det er tildelingsåret og ikkje utbetalingsåret som er avgjerande.

Andre vilkår:

Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flyttar frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.

Likeeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m.v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakaren pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

---

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Inge Kårevik	Gbnr - 76/1, FA - U24	14/428

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
028/2015	Formannskapet	PS	09.04.2015

## Godkjenning av planprogram for detaljregulering av sandtak Krossdal og Helland

### Forslag til vedtak:

Formannskapet godkjenner forslag til planprogram for detaljregulering sandtak på Krossdal og Helland jf plan- og bygningslovens § 12-9.

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

Det ligg føre planprogram for detaljregulering av sandtak på Krossdal og Krossdal. Samstundes som planprogrammet vart det meldt oppstart av områderegulering med tilhøyrande konsekvensutgreiing.

Til planprogrammet og oppstarten og oppstart av områderegulering er det kome inn 4 merknader innan fristen 09.01.2015.

#### 1. Fylkesmannen

I tillegg til naturmangfald kan denne planen ha store konsekvensar for landbruk, landskap, friluftsliv, vassdrag og fiskebestand mm. Desse konsekvensane bør utgreiast.

*Tiltakshavar:*

*Dette tar me med oss, sjå oppsummering av merknadane.*

#### 2. BKK

BKK Produksjon ønsker at det foreslåtte reguleringsområdet utvides til også gjelde allerede eksisterende tipp og sandtaksområde på eiendom 76/4. Det foreligger avtale frå 1990 mellom BKK Produksjon og Storhaugen Sand v/Torbjørn Trohaug om bruk av tippstein fra tunellen til Hellandsfoss kraftverk til å arrondere området. Dette er ikke utført i dag.

*Tiltakshavar:*

*Ser ikkje at planen kan utvidast no utan ny lysning og utlegging. Det må diskuterast andre løysingar med kommunen.*

### **3. NVE**

- Det må setjast naturleg vegetasjonsbelte mot elva som hindrar avrenning. Bør bruke arealbrukskategorien: Bruk og vern av sjø og vassdrag.
- Det må gjerast greie for kor høg 200 års flaum går ved dagens terreng. Terreng lågare enn nivået for minst 200 års flaum må liggja urørt. Ved Krossdal må ein sjå til at Modalsbekken ikkje kan ta seg nye løp over masseuttaket.

*Tiltakshavar:*

*Me legg til nytt emne til punkt 7. 2-m – Forhold til 200 års flaum.*

### **4. Fylkeskommunen**

Opptekne av:

- Landskapsuttrykk over tid
- 40 års drift
- Ta vare på kulturminne
- Anbefalingar for planvisning

*Tiltakshavar:*

- *Uttaksmåte og rekkefølge vil verta beskrevne.*
- *Kulturminne er grundig behandla i kommuneplan,. Det kan vera behov for oppjustering og kontroll til plankartet.*

### **Oppsummering frå tiltakshavar.**

Tillegg i planprogrammet 7.2

#### A Landskap og estetikk.

Beskrive uttaks rekkjefølgje og forholdet til landskap. Samt tilbakeføring til landbruk.

#### G Kulturminne og kulturmiljø.

Oppdatere dokumentasjon i kommuneplanen mot innspel frå Fylkeskommunen. Kontroll til plankart.

#### M Forhold til 200 års flaum.

Få utgreidd flaumnivå og konsekvensar og innarbeidd dette i plan og vedtekter.

### **5. Statens Vegvesen**

Vegvesenet ynskjer at kommuneplan med høyring hausten 2014 vert lagd til grunn for vidare arbeid. I planprogrammet saknar me eit strekt fokus på trafikktrygleik og forhold til mjuke trafikantar.

*Tiltakshavar:*

*Det vert teke inn eit nytt punkt, 7.n Trafikkforhold.*

**Konklusjon**

Rådmannen rår til at planprogrammet vert godkjent og at dei innkomne merknadane vert teke med i arbeidet med detalj/områdereguleringa.


32T

Detaljregulering sandtak Krossdal, Helland, 16.01.15 (L)(3842)

Merknader (L)(3844)

# FORSLAG TIL PLANPROGRAM DETALJREGULERING SANDTAK KROSSDAL HELLAND

Gnr. 76, 1 m.fl.  
MODALEN KOMMUNE



FORSLAG TIL REKKEFØLGJE FOR UTTAK Kart 13

- Rekkefølge avklares i reguleringsplan
- Buffer, siste del av uttaket

M= 1:5000  
Dato: 01.10.02



**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON – REGULERING - KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING

## REGULERINGSPLAN MED KONSEKVENsutredning KROSSDAL HELLAND

**Tiltakshavar:** Torbjørn Trohaug  
Endre Mo (Svenn Mo AS)  
OH Natursand AS, v/ Jan Otto Midttun

**Heimelshavar:**  
*Krossdal:*

76/1 og 3 Endre Mo, Modalen  
76/1 og 3 Linda Neset, Modalen  
76/5 Torbjørn Trohaug

*Sandforekomst:*

76/1	Endre Mo og Linda Neset	19%
76/2	Jarle Neset	19%
76/3	Endre Mo og Linda Neset	19%
76/4	Sigrunn Dale	21%
76/5	Torbjørn Trohaug	7%
76/6	Jonny Magnusen	3%
76/7	Trude Langedal og Tone Selmer Skuggevik	4%
76/8	Helge Bolstad Lewis	4%
76/10	Ann Jorunn Farestveit	4%

*Helland:*

78/1 Trond Farestveit Helland, Modalen  
78/3 Atle Helland, Ostereidet  
78/4 Tone Lien, Modalen  
78/4 Jan Arild Steinsland, Modalen  
78/18 Kåre Olav Helland, Stokke  
78/18 Oddny Hildur Helland, Tønsberg  
78/18 Åsbjørg Maria Helland, Oslo  
78/2 Frank Stian Steinsland

INNHALD	SIDE	
1	BAKGRUNN OG FØREMÅL	4
1.1	Formål med planarbeidet	4
1.2	Historikk	4
1.3	Forskrift om konsekvensutgreiing	4
1.4	Formål med planprogrammet	4
2	PLANOMRÅDE – AVGRENŚING	4
3	BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDET OG OMRÅDET RUNDT (DAGENS SITUASJON)	4
4	PLANSTATUS GJELDANDE PLANAR OG RETNINGSLINJER	4
4.1	Planstatus	4
5	BESKRIVELSE AV NY PLAN/FRAMTIDIG SITUASJON	5
5.1	Frå kommuneplanen	5
5.2	Uttaksmåte og rekkefølge	7
6	FORVENTA PROBLEMSTILLINGAR OG UTFORDRINGAR	7
6.1	Utgreiingar i kommunedelplan	7
6.2	Biologisk mangfald	15
6.3	Forureining	17
6.4	Tilbakeføring til jordbruksareal	17
6.5	200-års flaum	17
7	UTGREIINGSPROGRAM	17
7.1	Arbeidsopplegg	17
7.2	Emne som skal behandlast	17
8	INFORMASJON OG MERKNADAR	17
8.1	Planprogram	17
8.2	Prosessen vidare	17
9	FRAMDRIFT	18



# 1. BAKRUNN OG FØREMÅL

## 1.1 Formål med planarbeidet.

I godkjend kommunedelplan for massetak på Helland og Krossdal (kommunestyre 12.02.2004) ligg det inne eit område på Helland og eit område i Krossdal til massetak med krav om reguleringsplan og konsekvensutgreiing.

## 1.2 Historikk.

Modalen har lange tradisjonar for levering av sand og grus tilbake til 1924. I dag blir det levert 60 – 80.000 tonn. Sand og grus frå Modalen er etterspurt. Uttaket har opp gjennom tidene gitt tiltrengt sysselsetting og ei god attåt inntekt til gardbrukarar opp gjennom dalen.

## 1.3 Forskrift om konsekvensutgreiing.

I kommuneplan vedtaket om godkjenning av kommunedelplan er det sett krav om konsekvensutgreiing. Antatt tonn uttakspotensiale overstig krav til KU etter vedlegg 1 punkt 3.

## 1.4 Formål med planprogrammet.

For alle planar som vert omfatta av forskrifta, skal det vedtakast eit planprogram som skal leggjast til grunn for planforslaget og konsekvensutgreiinga. Formåler er å få fastlagt emne som treng oppmerksomheit og som kan vera kritiske i forhold til tiltaket. Planprogrammet skal klargjera/ta med kjend kunnskap og få fram behov for nye ututgreiingar, undersøkingar. I kommunedelplanen er det gjort eit grundig registreringsarbeid som det av fleire er skrytt over. Me legg til grunn at mykje av nødvendig registreringsarbeid/utgreiingsarbeid allereie er gjort.

## 2. PLANOMRÅDE – AVGRENSING

Planområde er som vist i godkjend kommunedelplan og omfattar heile det viste arealet for masseuttak på Krossdal og Helland. Sjå eigaroversikt side 2.

## 3. BESKRIVELSE AV PLANOMRÅDE OG OMRÅDET RUNDT (dagens situasjon)

### Krossdal

Urørd landbruksområde med dyrka mark og noko lettare skogsområde hellande mot vest. Registrert gravrøys ligg utanfor området. Slik me les utifrå den grundige registreringa i kommunedelplanen har området ingen spesiell kulturhistorisk verdi.

### Helland

Helland terrassen er eit markert landskapselement med stor verdi, særleg framkant av terrassen framstår som viktig og synleg. I denne framkanten er det i gang godkjend massetak. På sør-austsida mot jordbruksområde mot elva, ligg eit eldre ope massetak. Hovedområdet nordover er svakt hellande jordbruksareal fram til ein terrasse ned mot elva i aust og nordaust.

## 4. PLANSTATUS GJELDANDE PLANAR OG RETNINGSLINJER

Område er i godkjend kommunedelplan (kommunestyre 12.02.2004) utlagd til massetak.

## **5. BESKRIVELSE AV NY PLAN (framtidig situasjon)**

### **5.1 Frå kommuneplanen hentar me:**

#### **7.1 FORSLAG TIL OMRÅDE MASSETAK**


Utgangspunkt for arbeidet har vore at ein i Modalen kommune i framtida bør ha eit årleg uttaksvolum som no, ca. 150 000 tonn per år, og at kommunedelplanen bør omfatte ein periode på 40 år. Dette vil seie at årleg uttak av gaste massar frå Modalen på om lag 80 000 m<sup>3</sup>, det vil seie om lag halvparten av massane i planområdet. Eit uttak med likt omfang har difor vore lagt til grunn for utteikning av område for framtidig massetak og vurdering av konfliktpotensiale.

Ein syner til kart 13 som syner forslag til rekkefølge og avgrensing av maks uttak.



Uttak av store deler av områda på Helland kan skje utan at gardstun og eksisterande veg vert råka. På Krossdal kan ein ta ut sand i heile området utan at gardstun og gravhaugen vert råka.

Avgrensing av område for massetak er teikna inn på planen etter vurderingar i plangruppa. Tilhøve til landskap, natur, kultur og kvartærgeologisk historie har vore dei viktigaste føresetnadene for innteikning av ytre avgrensing for massetak-området. Eit inngrep med storleik som vist på kart 13 vil vera uheldig for desse tilhøva uansett korleis ein legg massetak på terrassen, men avgrensinga som er vist på kart 13 er den plasseringa av massetak som etter plangruppa si meining samla sett gjer minst skade.

# KOMMUNEDELPLAN FOR MASSETAK PÅ HELLAND OG KROSSDAL



FORSLAG TIL REKKEFØLGJE FOR UTTAK Kart 13

-  Rekkefølge avklares i reguleringsplan
-  Buffer, siste del av uttaket

M= 1:5000  
Dato: 01.10.02



RISS LANDSKAP as  
landscapsarkitekter m.no

## **5.2 Uttaksmåte og rekkefølge**

### Krossdal

Uttak med rimeleg helling mot fylkesvegen. Planert område tildekka med jord til dyrka mark. Ein «benk» ved terrassekant mot fylkesvegen skal stå att til sluttutak.

### Helland

Planlagd uttak er på Gnr. 78, bnr. 3 – Atle Helland. Gjennom området går ein kommunal veg. Veggen med sin e naturlege skråningar vil begrensa uttaksmengda mykje. Veggen er tenkt lagd om til områdegrensa mot aust og inn i terrassekanten mot nordaust. I søraust ligg eit eldre uttaksområde. Det er no i gang godkjend uttak i sør. Tiltakshavar OH Natursand AS ynskjer å ta ut området i rett høgde frå sør, søraust og leggja tilbake jord og så til etter kvart som drifta går mot nordaust.

## **6. FORVENTA PROBLEMSTILLINGAR OG UTFORDRINGAR**

### **6.1 Utgreiingar i kommunedelplan.**

I kommunedelplanen er det gjort eit sær grundig arbeid. Som tilgjengeleg kunnskap tar me inn heile punkt 6 *Vurdering* frå kommunedelplanen.

## **VURDERING**

### **6.1.1 Landskap**

Fjernverknaden av Hellandterrassen er stor, dette er eit markert element som er godt synleg. Særleg framkanten av terrassen framstår som viktig då denne er mest synleg frå der folk ferdast. Eksisterande massetak i terrassekanten framstår som eit uheldig landskapsinngrep. Eit nytt stort massetak i området vil bryte ned heilskapen, særleg vil plassering i terrassekanten på Helland vere uheldig. Eit massetak på Krossdal vil ikkje bryte ned heilskapen på same vis.

Mangfaldet av landskapsformar i området er stort. I området er det god mosaikk i vegetasjonsbiletet og i jordbrukslandskapet. Mangfaldet vil verte mindre ved utviding av massetaka og eksisterande landskapskvalitetar i området vil kunne verte mindre attraktive dersom store delar av området vert prega av massetak.

Terrassen på Helland har høg inntrykksstyrke. Det som gjev mest inntrykk er terrassekanten og den store terrasseflata mot dei høge fjella som omkransar landskapsrommet. Eit massetak som rører ved terrassekanten på Helland vil vere sær uheldig for inntrykket av landskapet i området.

Området er eit av dei mest særprega i dalføret. Inngrepet vil endre landskapskarakteren i området og såleis endre opplevinga av det spesielle landskapet på staden.

### **6.1.2 Naturmiljø**

#### **Plante- og dyreliv**

Korkje floraen eller faunaen på Helland og Krossdal peikar seg ut som særleg artsrik eller spesiell samanlikna med det ein truleg finn elles i nedre del av Modalen. Årsaka kan vere at mesteparten av berggrunnen i området er svært hard og næringsfattig. Dertil har Modalen ein isolert beliggenheit mellom høge fjell og djupe fjordar, noko som kan hindre, eller forseinke, plante- og dyreartar i å spreie seg til området. Når store delar av planområdet i tillegg er gjødsla kulturmark, førar dette til at det opphavlege biologiske

mangfaldet i området vert redusert. Sjeldsynte og kravfulle planteartar fell gjerne ut til fordel for meir trivielle artar. I neste omgang vil dette forplante seg til faunaen i området.

### Raudlista artar

Trass i denne situasjonen er enkelte artar som står oppført på den reviderte norske raudlista for plantar og dyr påtrefte i planområdet, eller like utanfor (Direktoratet for naturforvaltning 1999b).

Hønsehauk og kvitryggspett står oppført under kategori V på raudlista; ”*sårbare artar med sterk tilbakegang, og som kan gå over i gruppa direkte truga dersom dei negative faktorane får halde fram å verke.*”

Songsvane og kongeørn står oppført under kategori R på raudlista; ”*sjeldsynte artar som ikkje er direkte truga eller sårbare, men som likevel er i ein utsett situasjon pga. låge individtal eller spreidd eller sparsam utbreiing.*”

Storlom, gråspett og dvergspett står oppført under kategori DC på raudlista; ”*omsynskrevjande artar som ikkje høyrer til kategori E, V eller R, men som pga. tilbakegang krev spesielle omsyn eller tiltak.*” Til denne kategorien høyrer også kvitkurle, som i 1979 vart registrert ”1 km SV for Helland”.

Ein kan ikkje sjå bort frå at også andre raudlista artar opptre i området. Sannsynlegheiten for å påtrefte slike artar vil vere størst blant lågareståande plante- og dyregrupper. Oter og gaupe, som ein ikkje har prov på at opptre i planområdet i dag, står begge oppført under kategori DM på raudlista; *omsynskrevjande og fåtalige artar som har gått tilbake, men som ikkje vert rekna som truga. For desse artane er bestandsovervaking ynskjeleg.*

### **Spesielle område**

Dei mest verdifulle naturmiljøa i planområdet (sjå kart 5) er alle vurdert å ha lokal verdi.

Potensialet for å gjere ytterlegare funn av sjeldsynte plante- og dyreartar er truleg størst i den sørvendte rasmarka med rik blandingslauvskog nord og nordaust for Hellandsplatået. Denne naturtypen som er særmerkt med gunstige lokalklimatiske tilhøve, er gjerne rik på raudlista plante- og dyreartar. Dette gjeld også innanfor lågareståande organismegrupper som sopp, lav, mosar og insekt. I tillegg er mange krypdyr knytt til sørvendt rasmark. Berre dei nedre delane av rasmarka på Helland tilhøyrer planområdet, såleis ikkje eit lindebestand i høgdelaget 140-300 m o.h., som truleg er det finaste/største i Modalen. Mangel på finmassar gjer at markvegetasjonen i ura er noko sparsam.

Både på Helland og Krossdal har hjorten viktige trekk- og leveområde. Arten opptre imidlertid vanleg både lokalt og regionalt og er fleksibel med omsyn til habitatval. Hjorten har tilgang på alternative leveområde lokalt.

Den gamle gråorskogen langs sentrale delar av Modalsbekken på Krossdal er moserik og har eit stort innslag av gadd og læger. Det finst også noko gran. Denne skuggefulle og fuktige naturtypen gjer truleg grunnlag for eit rikt biologisk mangfald blant lågareståande organismegrupper. På begge sider av gråorskogen finst ei randsone med planta gran. Gråorskogen dekkjer eit forholdsvis lite areal, noko som reduserer verdien av området. Skogen kring delar av bekkeløpet i sør har nyleg vorte snauhøg, og vass-strengen er her utan kantvegetasjon.

Førekosten av blåbær-eikeskog i sørskråninga under Hellandterrassen er velavgrensa, men dekkjer lite areal. Dette reduserer verdien av området.

Den meir opne naturbeitemarka i skråninga vest for Hellandterrassen er voksestad for orkidèar, truleg flekkmariland eller skogmariland. Orkidèar, som til dels omfattar sårbare artar, vil også kunne opptre andre stader i terrasseskråninga kring Hellandsplatået.

Modalselva med kringliggjande kantsone utgjer eit viktig leveområde for mange fugleartar. Fleire vassfuglartar nyttar sjølve vass-strengen, spesielt i samband med trekking vår og haust. Områda langs elva, inkludert vegetasjonsbeltet, er i alminnelegheit viktige leveområde både for pattedyr, fuglar, insekt og plantar. Vegetasjonen gjer dessutan verdefull næring og skjul til fisk og anna dyreliv i elva.

### **Laks og sjøaure**

Modalselva er eit viktig oppvekstområde for storvaksten sjøaure. Dei viktigaste gyteområda ligg alle innanfor, og like nedanfor, planområdet. Fiskestammene i vassdraget er allereie hardt pressa pga. surt vatn og ei omfattande vasskraftutbygging. Laksen har meir eller mindre vorte borte frå vassdraget. Modalselva har såleis ikkje lenger nokon sjølvrekrutterande laksestamme. Elva står i dag på Direktoratet for naturforvaltning (DN) si liste over vassdrag med truga laksestammer. Laksen har vore freda dei seinare åra. Modalselva inngår i det nasjonale overvaksningsprogrammet for sur nedbør som vart starta opp i 1980. Det er stort ønske om å få gjennomført kalking av vassdraget. Massetak i området, med årleg uttaksvolum som no, vil ikkje påverke fiskebestanden.

### **Trugsmål**

Dei planlagde masseuttak vil innebere ulike typar trugsmål:

#### Tap av biotopar / areal (massetak/riggområde og infrastruktur/vegnett)

- Permanent tap av spesielle naturmiljø eller område med spesiell bruksverdi
- Mellombels tap, der aktuelle biotopar/bruksareal kan reetablerast

#### Utslepp til vassdrag

- Slam (skadar rogn hos laks og sjøaure)
- Spillolje (skadar naturmiljø langs vassdraget – og alt dyreliv)

#### Utslepp av støv til luft

- Frå sjølve ”produksjonen” i massetaket
- Frå transporten mellom massetak og utskipingshamn på Mo

#### Støy/menneskeleg ferdsel

- Frå sjølve ”produksjonen” i massetaket
- Frå transporten mellom massetak og utskipingshamn på Mo

#### Barrieredanning

- Massetak
- Vegnett
- Trafikk i samband med utkøyring av masse

### **6.1.3 Friluftsliv og rekreasjon**

Planområdet på Helland og Krossdal er i utgangspunktet eit alminnelig til mykje brukt friluftsområde med stor lokal bruksverdi. I Samla Plan-rapporten for Modalselv-Skjerjo (1984) er strekninga Mo-Hellandsfossen avmerkt som *verdefullt friluftsområde*. Av enkeltaktivitetar har truleg sjøaurefisket i Modalselva størst verdi. Fleire av brukarane kjem her frå distrikt utanfor kommunen. Massetak i terrassane på begge sider av elva vil



utan tvil redusere verdien av området som opplevingsområde for friluftsliv.

*Innspel frå tiltakshavar:*

*Når vegen over Helland vert lagd om til i grensa av uttaksområde mot nordaust, vil tilgangen til fiske i Modalselva bli auka.*

#### **6.1.4 Klima og grunnvatn**

Dei lokalklimatiske tilhøva på Helland og Krossdal vil verte endra i område som får seinka landoverflata som følgje av masseuttak. Lufttemperaturen vil verte lågare, luftfuktigheiten høgare og ein vil få danna meir frostrøyk vinterstid samanlikna med i dag. Det er lite truleg at massetak i området vil ha påverknad på grunnvatnet.

#### **6.1.5 Landbruk**

Drifta i massetaket vil i periodar medføre at areal vil vere ute av jordbruksdrift. I tillegg til sjølve uttaksområdet vil drifta okkupere ein del areal til lagringsplass. Dersom grunneigar manglar spreieareal for å oppretthalde driftsnivået på garden i den perioden uttak av massar foregår, kan dette evt. løysast gjennom leige av anna jord. Også leigejord som kan nyttast til slåttemark er det god tilgang på.

Massetaket medfører at driftsbygningar og bustadhus innafor planområdet på Helland må flyttast ned til eit lågare nivå. Eigar vil gjennom sal av sand og grus få økonomi til å gjennomføre naudsynte nyinvesteringar i driftsmidlar og bygningar.

#### **6.1.6 Kulturminne og kulturmiljø**

Både Hellandterrassen og Krossdalterrassen vurderast å ha stor tidsdjupnad med til dels store kulturminneverdiar frå nyare tid, mellomalder og forhistorisk tid.

Begge plassar finn ein kulturlandskap som ber preg av å ha vore intensivt driven over lang tid. Bygningane på bruka under Nedre Helland og på Krossdal under Mo som er omfatta av planane, består av bustadhus, uthus og driftsbygningar. Her finst fleire eldre bygningar, men ingen av dei er freda.

Ein del av dei gamle jordbruksstrukturane vart øydelagd i 1953 då det gjekk eit skred som øydela det gamle klyngetunet på Hellandterrassen. Raset har i seg sjølv kulturhistoriske verdiar. Krossdal vart først dyrka opp seint på 1800-talet. Då denne oppdyrkinga tok til, vart også dei fyrste funna leverte inn til Bergen Museum. Dette var i 1892.

Når det gjeld Nedre Helland, finst her ingen freda kulturminne, men på sentrale delar av terrassen er det i dag beiteland. Her ligg fire røyser som ein lenge har vore merksam på. Dette er kulturminne som bør granskast dersom dei står i fare for å verte øydelagde. Dei er så langt registrerte som rydningsrøyser, men dette er ikkje stadfesta. Røysene kan også indikere at her kan finnast fleire spor etter den eldste busettinga.

På Hellandterrassen er potensialet særleg stor for nye funn i området opp mot skreda i nordre enden ettersom det er særst truleg at gamletunet og tunet frå mellomalder låg her. Men også på dei andre delane av plataet er det særst stort potensiale for å gjere nye funn etter til dømes gardsbusettinga, dyrkingsspor og graver.

Ute på dei fulldyrka flatene i nordvest er det særst stort potensiale for funn etter den eldste gardsbusettinga. Særleg under dei låge forhøgningane på markene skal ein vere merksam på spor etter jern- eller bronsealdergarden.

Det finst eit freda kulturminne på Krossdal. Det har vore kjend til saman tre gravhaugar

her. To av desse er grave ut og fjerna medan ein altså ligg att. Denne er ikkje granska. Dette må gjerast dersom gravhaugen står i fare for å verte øydelagd eller forringa. På innmark på Krossdal er det særst stort potensiale for å gjere nye funn frå forhistorisk tid eller mellomalder, og verdien er sett til + 3. Langs elva i utmark opp mot kring 50 meter over havet er noko mindre truleg å gjere nye funn men verdien er sett til +2. Det kan også finnast kulturminne frå nyare tid i utmarka.

Kulturlandskapet på begge grusterrassene, Hellandterrassen og Krossdal har eit variert og særprega kulturlandskap med inngrep av industri i form av massetak. Denne verksemda går langt attende i tid, og har såleis historisk karakter og interessant i kulturhistorisk samanheng. Men lite er bevart frå den gamle tidas drift. Det er stadvis store verdier i kulturlandskapet i begge miljøa, og verdiane spenner frå D til B+ (sjå kart).



*Figur 13. Det gamle tunet på Krossdal, sett frå sør.*

Markene er halde godt i hevd, landskapet er variert med både intensivt og ekstensivt nytta areal, og med stor historisk djupn. Landskapet, særleg på Hellandterrassen, men også på Krossdal er sjeldsynt i vestlandsk samanheng. På Helland er det store marker som gav stor avling og var attraktiv i si tid av den grunn. Raset som gjekk i 1953 og omstruktureringa i bustadmønster og drift som fann stad i samband med dette, er også særprega og er av kulturhistorisk interesse.

### **Område med verneføresegner**

Det er knytt verneføresegner til gravhaugen på Krossdal og truleg også til røysene på Hellandterrassen. Gravhaugen er freda etter Kulturminnelova § 4. Fredinga omfattar kulturminnet samt ein 5 meters sikringssone kring desse. I tillegg vert det i denne lova lagt vekt på at eit freda kulturminne ikkje skal verte unødige skjemma av omgjevnadene på ein slik måte at det forringar kulturminnet sin verdi. I det foreliggjende tiltaket kan gravhaugane på Krossdal og muligens røysane på Helland liggje i fare for å verte skjemma.



Når det gjeld rydningsrøysene på Hellandterrassen er det usikkert om desse er frå forhistorisk tid eller mellomalder. Dei må då granskast arkeologisk dersom dei kjem i fare for å verte råka av tiltaket.

I Kulturminnelova § 9 er det fastsett reglar for granskingsplikt av områda før tiltak kan iverksettast. Ein kan også kome til å gjere funn av freda kulturminne under registreringa. Desse vil då få verneføresegner knytt til seg.

### Kulturlandskapet

Begge miljøa, Hellandterrassen og Krossdal har eit variert og særprega kulturlandskap med delvis lite inngrep av industri med unntak av verksemd knytt til massetak. Denne verksemda går langt attende i tid, og har såleis historisk karakter og interesse. Det er funne store verdiar i kulturlandskapet i begge miljøa, og dei er begge gjeve B-verdiar (sjå kart).

I miljøa er det gjeve verdien C+ og B- på kulturmarkstypar. Markene er halde godt i hevd, landskapet er variert med både intensivt og ekstensivt nytta areal, og med stor historisk verdi. Landskapet på Hellandterrassen er sjeldsynt i vestlandsk samanheng. Her er store marker som gav stor avling og var attraktiv i si tid av den grunn. Raset som gjekk i 1953 og omstruktureringa i bustadmønster og drift som fann stad i samband med dette, er også særprega og er av kulturhistorisk interesse.

Tabell 10. Samletabell; verdivurderingar på Hellandterrassen og Krossdal.

<b>Hellandterrassen</b>	<b>Verdi</b>
<b>Forhistorie og mellomalder:</b>	
Alle kjende freda kulturminne (5 røyser)	+ 4
Fulldyrka flater og beitelandet på terrassen	+ 3
Sørvest for bnr.3	+ 1
Randsona i søraust mellom plata og skjering	+ 2
Feta	Usikker/ingen
Skreda	Usikker/ingen
Vest for skreda	Usikker/ingen
<b>Nyare tids kulturminne:</b>	
<b>Bnr. 1</b>	
Bygningsmiljø	B -
Busetnadsstruktur/tekniske anlegg	C +
Kulturmarkstypar	C +
Anna verdi	B
<b>Bnr. 3</b>	
Bygningsmiljø	C/B
Busetnadsstruktur/teknisk anlegg	C
Kulturmarkstypar	C +
Anna verdi	B
<b>Bnr. 4</b>	
Bygningsmiljø	C +
Busetnadsstruktur/Teknisk anlegg	C
Kulturmarkstypar	C +
Anna verdi	B
<b>Kulturlandskap</b>	
<b>KULTURLANDSKAPET PÅ INNMARK KRING BRUK 78/1 OG 17</b>	
Kulturlandskapet kring terrassekanten 78/2	C -
Kulturlandskap kring 78/3	
- grustak	D
- innmark	C +
Kulturlandskapet sentralt på Hellandterrassen kring 78/4 og 18	B-/C+
Skredet som kulturelement i landskapet	B +

<b>Krossdal</b>	<b>Verdi</b>
<b>Forhistorie og mellomalder:</b>	
Freda kulturminne (1 gravrøys)	+ 4
Nærestølen – innmark	+ 3
Langs elva – utmark	+ 2
<b>Nyere tids kulturminner:</b>	
Bygningsmiljø	C/B
Busetnadsstruktur/tekniske anlegg	B -
Kulturmarkstypar	B
Anna verdi	B +
<b>Kulturlandskap:</b>	
Kulturlandskapet på Krossdal	B



Figur 14. Biletet syner det som truleg er rydningsrøyer på eigedomen 78/18.

### 6.1.7 Kvartærgeologisk historie

Det er ikkje vurdert verneverdi av terrassen ut over det som kjem fram i T-614 (Rapport ang. forslag til kvartærgeologiske verneverdige objekt/områder i Hordaland). Her er avsetninga på Helland vurdert til å ha lokal og regional verneverdi. Det er ikkje geologiske verneinteresse knytt til Krossdal. Rapporten vurderer ikkje skredavsetninga på Helland, men Geologisk institutt meiner at også denne har regional verdi.

### 6.1.8 Gruskvalitet

Sand og grus som byggeråstoff vert nytta som tilslag i betongproduksjon, til vegbygging, i vatn- og avlaupsgrøftar, som dreneringsmasse og i fyllingar og liknande. For desse føremåla vert det stilt forskjellige krav til massenes eigenskaper. Dei strengaste krava til mekaniske eigenskaper, mineralinnhald og korngradering vert stilt for bruk i vegbygging og betongproduksjon. For vegføremål er det ønskeleg med grove, grus- og steinrike massar som ein kan knuse ned til ønskte fraksjonar. Avhengig av kvar i vegkroppen massane skal nyttast vert det stilt krav til steinmaterialet si styrke og mekaniske eigenskaper. Dei strengaste krava vert stilt for bruk i faste dekker på veger med høy

trafikkbelastning.

For betongføremål er korngradering og bergarts- og mineralinnhald dei viktigaste kriteria. For høgfastbetong er det viktig at steinmaterialet er ”sterkt”, då tilslaget ofte er avgjerande for betongen si totalstyrke. Brukt som betongtilslag kan innhaldet av glimmer i sandfraksjonen ha negativ verknad på betongen sin fastheit. Vanlegvis vil eit glimmerinnhald på 10–12 % ha liten verknad, men dette må ein stadfeste gjennom prøvestøping og trykkprøving. Høgt glimmer- og skiferinnhald i sanden gjev auka trong for vatn for å ta i vare mørtelblandinga si bearbeidbarheit, noko som igjen krev auke i sementmengde for å oppnå ønska styrke. For bruk i fuktig miljø som bruer og dammar er det også viktig at tilslaget inneheld minst mogleg alkalireaktive bergarter.

Sjølv om trongen for kvalitetsmassar til veg- og betongføremål i volum utgjer halvparten av det totale forbruket av sand og grus på landsbasis, er det også stor trong for massar til føremål kor topp kvalitet ikkje er naudsynt. Avsetningane ved Helland og Krossdal er i utgangspunktet same avsetning med tilnærma same danning, oppbygging og materialinnhald. Kvalitetsmessig er avsetningane difor tilnærma like.

Berggrunnen i området består vesentleg av gneis, og Hellandterrassen inneheld berre slike bergarter. Tabell 11 syner eit innhald på opptil 2 % svake bergarter. Tabellen syner også at innhaldet av glimmer i sanden er ubetydeleg. Det er imidlertid lite finstoff eigna til filler tilstades, men knusing av grovfraksjonen kan bøte på dette. Ut frå dei kriteria som vert nytta for krav til betongtilslag, er massane frå Helland velegna for dei fleste betongføremål, men dette må stadfestast gjennom prøvestøping og trykkprøving. Eventuelt innhald av alkalireaktive bergarter er ikkje granska.

Prøvane for testing av mekaniske eigenskaper som vart teke i 2002 ligg i steinklasse 2 til 3 etter fallprøven, gjer ein mølleverdi (Mv) på 10,5 og ein Los Angeles verdi (LA) på 28,0. Det vert oppnådd ein forbetring til steinklasse 2 etter fallprøven ved omslag. Dei mekaniske analysene syner at materialet har middels gode eigenskapar for bruk til vegføremål, og held krava til faste dekker med ÅDT < 3000. Som veggrus og til bære- og forsterkningslag er massane fullt ut eigna. Denne vurderinga er basert på førbels signaler til nye krav for steinmaterial som skal nyttast til vegbygging, og som vil verte innført frå 01.01.2003. Krava er basert på testmetodar som skal vere gjeldande innanfor alle EU/EØSland.

Tabell 11. Steinklasse, bergarts- og mineraltelling

Førekost	Steinklasse	Bergartsstyrke i fraksjonen 8-16 mm		Mineraltelling i fraksjonen				
				0.125-0.250 mm			0.5-1.0 mm	
				Sterke	Svake	Glimmer	Mørke mineraler	Andre
Helland 1	(2-3)	98	2	5	5	90	1	99
Helland 4	(2-3)	98	2					
Helland 15	(2-3)			3	7	90	1	99
Helland-øst*	2-3	99	1	20	6	92	1	99

### 6.1.9 Forureining

Ein føreset at drift av framtidige massetak skal ha same omfang som i dag. Det vil seie at det går ein lastebil i jamn trafikk opp og ned til Mo med sand, og at lastebilsjåføren og lastar bilen med hjullastar i massetaket. Drifta slik den er lagt opp no skapar ikkje konflikhtar i høve til støy. Sandfluktasjon frå massetaket kan vere eit problem dersom




stufen er i fine massar.

## 6.2 Biologisk mangfold.

Naturbase viser ingen registreringar. Artsdatabanken viser livskraftig *Carduellis spinus* (Grønnsik) i sandtak Helland og *Vaccinium myrtillus* (blåbær) i kanten av område Krossdal.

Naturbase:



Artsdatabanken:

**Artskart 1.6**

Start | Sok | Artstre | Kart | Objektinfo | Utvalgsstatistikk | Om tjenesten | **Generer lenke til visning...**

Velg symbolisering:  Art  Kategori  Institusjon

**Tegnforklaring:**

**Rødlistekategorier**

- Ukjent
- RE Regionalt utdødd
- CR Kritisk truet
- EN Sterkt truet
- VU Sårbar
- NT Nær truet
- DD Datamangel
- LC Livskraftig
- NA Ikke egnet til vurdering
- NE Ikke rødlistevurdert
- SE Svært høy risiko

**Funntype:**

- Funn med belegg
- Observasjon av arter

**Kilde:**

- Artsobservasjoner.no
- Miljølære.no

Rovbase

**Koordinatpresisjon:**

Alle

Presisjon ikke oppgitt

**Kategorier:** Alle

Endre kategorier

**Tidsavgrænsing:** Ingen avgrænsing

Endre tidsavgrænsing

**Geografisk utvalg:** Fra kommune (r): Modalen

Endre geografisk utvalg

**Institusjoner:** Alle

Endre institusjoner

**Kartlag:**

Velg rutene

- Geografisk presisjon
- Marker usikre og menneskespredte
- Verneområder
- Topografisk rasterkart
- Topografisk kart
- Gråtone kart
- Norge i Bilder
- Topografisk (gratistj.)

**Nøkkelinformasjon** Lukk vindu

1 objekt(er)

**Institusjon:** Naturhistorisk Museum - UIO

**Samling:** 333637

**Intern nr.:** 533637

**Vit. navn:** Vaccinium myrtillus

**Norsk navn:** blåbær

**Funndato:** 23/5 1914

**Fylke:** hordaland

**Kommune:** modalen

**Lokalitet:** modalen/kosdal

**Koordinat presisjon:** 707

**Antall:** -1

**Kategori:** LC

**Type objekt:** Sporemer

**Finner/samler:** Johannes Lid

**Artsbestemt av:** Johannes Lid

Vis mer detaljer for denne posten

Zoom til denne posten i kartet

Vis alle treff i listeform

**Tilrettelagt: Artsdatabanken og GBIF-Norge - 2012**

Koordinat i UTM Sone 33 (Euref89) øst: 3865, nord: 6779503, skala 1:8829, x:56, y:4.110000133514404

Tjenesten Artskart 1.6 leveres av Artsdatabanken og GBIF-Norge © 2007-2014. Tilbakemeldinger sendes til artskart@artsdatabanken.no

**Artskart 1.6**

Start | Sok | Artstre | Kart | Objektinfo | Utvalgsstatistikk | Om tjenesten | **Generer lenke til visning...**

Velg symbolisering:  Art  Kategori  Institusjon

**Tegnforklaring:**

**Rødlistekategorier**

- Ukjent
- RE Regionalt utdødd
- CR Kritisk truet
- EN Sterkt truet
- VU Sårbar
- NT Nær truet
- DD Datamangel
- LC Livskraftig
- NA Ikke egnet til vurdering
- NE Ikke rødlistevurdert
- SE Svært høy risiko

**Funntype:**

- Funn med belegg
- Observasjon av arter

**Kilde:**

- Artsobservasjoner.no
- Miljølære.no

Rovbase

**Koordinatpresisjon:**

Alle

Presisjon ikke oppgitt

**Kategorier:** Alle

Endre kategorier

**Tidsavgrænsing:** Ingen avgrænsing

Endre tidsavgrænsing

**Geografisk utvalg:** Fra kommune (r): Modalen

Endre geografisk utvalg

**Institusjoner:** Alle

Endre institusjoner

**Kartlag:**

Velg rutene

- Geografisk presisjon
- Marker usikre og menneskespredte
- Verneområder
- Topografisk rasterkart
- Topografisk kart
- Gråtone kart
- Norge i Bilder
- Topografisk (gratistj.)

**Nøkkelinformasjon** Lukk vindu

6 objekt(er)

**Institusjon:** Norsk Ornitologisk Forening

**Samling:** Artsobservasjoner

**Intern nr.:** 9541561

**Vit. navn:** Carduelis spinus

**Norsk navn:** grønnisik

**Funndato:** 29/6 1984

**Fylke:** hordaland

**Kommune:** modalen

**Lokalitet:** nedre helland, hellandsdalen

**Koordinat presisjon:** Ikke oppgitt

**Antall:** 7

**Kategori:** LC

**Type objekt:** Observation

**Finner/samler:** Ottar Magne Osaland

**Artsbestemt av:**

Vis mer detaljer for denne posten

Zoom til denne posten i kartet

Vis alle treff i listeform

**Tilrettelagt: Artsdatabanken og GBIF-Norge - 2012**

Koordinat i UTM Sone 33 (Euref89) øst: 3865, nord: 6779503, skala 1:8829, x:56, y:4.110000133514404

Tjenesten Artskart 1.6 leveres av Artsdatabanken og GBIF-Norge © 2007-2014. Tilbakemeldinger sendes til artskart@artsdatabanken.no

### 6.3 Forureining

- Akutt oljelekkasje frå bilar og maskinar. Innføre rutinar med bruk av oljebark og filtdukabsorbenter (Allmantim AS)
- Støy: Må få fram aksept kriterier for området rundt og gjennomføre feltmålingar.
- Bufferson til elva sikre at finstoff ikkje skadar fisk og fauna.

### 6.4 Tilbakeføring til jordbruksareal

Beskrive tiltak og tidsplan.

### 6.5 200-års flaum

NVE

- Det må setjast naturleg vegetasjonsbelte mot elva som hindrar avrenning. Bår bruke arealbrukskategorien: Bruk og vern av sjø og vassdrag.
- Det må gjerast greie for kor høg 200 års flaum går ved dagens terreng. Terreng lågare inn nivået for minst 200 års flaum må liggja urør. Ved Krossdal må ei sjå til at Modalsbekken ikkje kan ta seg nye løp over masseuttaket.

## 7. UTGREIINGSPROGRAM

### 7.1 Arbeidsopplegg

Vidare utgreiing vil gå parallelt og integrert i planarbeidet. Planprogram med konsekvensutgreiing er grunnlaget for skildring til reguleringsplanen.

7.2

7.2	Emne til vurdering	I kommune- delplan	Utgreiast	Beskrivast
A	Landskap, estetikk	X		X
B	Plante og dyreliv	X		
C	Laks og aure	X		
D	Friluftsliv og rekreasjon	X		
E	Klima og grunnvatn	X		
F	Landbruk	X		
G	Kulturminne og kulturmiljø	X		
H	Kvartærgeologisk historie	X		
I	Gruskvalitet	X		
J	Biologisk mangfald			X
K	Forureining		X	
L	Tilbakeføring til jordbruk			X
M	Forhold til 200 års flaum		X	

## 8. INFORMASJON OG MEDVERKNAD

### 8.1 Planprogrammet skal sørgja for informasjon til berørte partar:

Den formelle saksgangen sikrar medverknad gjennom lovfesta høyringar og offentleg ettersyn. Alle innkomne uttalar vil bli tekne med i prosessen vidare.

### 8.2 Planprosessen vidare:

- Forslag til planprogram vert sendt på høyring til offentleg myndigheiter og interesseorganisasjonar, og lagt ut til offentleg ettersyn.
- På bakgrunn av forslaget og uttalelsane til dette, vert planprogrammet fastsett. Kommunen er ansvarleg myndigheit.
- Planforslag med konsekvensutgreiing, skildring og vedtekter vert utarbeidd på bakgrunn av fastsett utgreiingsprogram.
- Planforslag med konsekvensutgreiing, skildring og vedtekter vert sendt på høyring til berørte myndigheiter og interesseorganisasjonar, og lagt ut til offentleg ettersyn.
- Vedtak av planforslag med konsekvensutgreiing.

## **9. FRAMDIRFT**

*Rev. 16.01.2015*

*Eikelandsosen 23.09.2014*

Harald Bjørndal



1.

## Harald Bjørndal

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** 19. desember 2014 11:44  
**Til:** Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS  
**Emne:** Uttale - Oppstart - Modalen - Gnr 76 Bnr 1 mfl - Krossdal og Helland - Detaljregulering sandtak

Fylkesmannen viser til dykkar brev av 24.11.14 med melding om oppstart av planarbeid for Gnr 76 Bnr 1 m.fl., Krossdal og Helland.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken.

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7- 12.

I tillegg til naturmangfald kan denne planen ha store konsekvensar for landbruk, landskap, friluftsliv, vassdrag og fiskebestand m.m. Desse konsekvensane bør utgreiast, jf. PBL § 4-2.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggtknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

På nettsida [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ynskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing,

Brooke

Brooke Wilkerson

Rådgivevar

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal og samfunnsplanavdelinga

Telefon: 55 57 23 23

E-post: [fmhobr@fylkesmannen.no](mailto:fmhobr@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)



Byggadministrasjon Harald Bjørndal  
Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

Deres ref.:  
Vår ref.: 11495444

Dato: 09.01.2015

### Uttale til oppstart av reguleringsarbeid i Modalen kommune

BKK Produksjon viser til utsendte varsel om oppstart av reguleringsarbeid.


BKK Produksjon ønsker at det foreslåtte reguleringsområdet utvides til også gjelde allerede eksisterende tipp og sandtaksområde på eiendom 76/4. Det foreligger avtale fra 1990 mellom BKK Produksjon og Storhaugen Sand v/ Torbjørn Trohaug om bruk at tippstein fra tunellen til Hellandsfoss kraftverk til å arrondere området. Dette er ikke utført pr i dag.

Ta gjerne kontakt med Sissel H. Mykletun ([sissel.mykletun@bkk.no](mailto:sissel.mykletun@bkk.no), 55127474) for mer informasjon om avtaler med videre.

Vennlig hilsen  
BKK PRODUKSJON AS



Åke Madsen  
seksjonssjef



Sissel Hauge Mykletun  
fagansvarlig vassdragsmiljø

Byggadministrasjon Harald Bjørndal as  
Postboks 103  
5649 EIKELANDSOSEN

Vår dato: 05.01.2015

Vår ref.: 201406546-2

Arkiv: 323

Dykkar dato: 24.11.2014

Dykkar ref.: Harald Bjørndal

Sakshandsamar:

Toralf Otnes

## Innspel til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan sandtak Krossdal Helland - GBnr 76/1 mfl - Modalen kommune

Vi syner til brev. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan sandtak Krossdal Helland i Modalen kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for uttak av sand og grus i samsvar med vedteken kommunedelplan. Det er krav om konsekvensutgreiing og det er utarbeidd framlegg til planprogram for planarbeidet.

Dei to planlagde masseuttaka ligg på kvar si side av elva gjennom Modalen. Kart i planprogrammet er av dårleg kvalitet slik at det er vanskeleg for oss å få godt oversyn over korleis uttaket er tenkt.

Det må settast av eit natureleg vegetasjonsbelte mot elva som hindrar avrenning til elva og kan fungere som levestad for plantar og dyr, jf. vassressurslova § 11. Vegetasjonsbeltet bør vere så breitt at det kan fungere som ein buffer som hindrar innsyn til uttaket, og gi god plass til ferdslø langs vassdraget for friluftsliv og utøving av fiske. I dei områda vegetasjonsbeltet er fjerna bør dette få høve til å etablere seg igjen. Krav om vegetasjonsbelte gjeld tilsvarande langs Modalsbekken på Krossdal. Gråorskogen langs denne bekken bør takast vare på.

NVE rår til at arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. PBL §12-5 nr 6, vert nytta til å merke vasstreng og kantsoner. Elv med kantsone kan regulerast til "Natur og friluftsliv".

Det må gjerast greie for kor høgt 200 års flaum går ved dagens terreng. Ved berekning av flaumstorleikar bør det takast omsyn til venta klimaendringar. Nedslagsfeltet er 354 km<sup>2</sup>. 200 års flaum i større vassdrag på Vestlandet vil truleg auke med meir enn 20% dei neste 100 år i høve til dagens flaumstorleikar, i nokre vassdrag meir enn 40%. Dette er skildra i rapporten "Hydrological projections for floods in Norway under a future climate" (Lawrence og Hisdal 2011, NVE-rapport 5-2011). Rapporten er tilgjengeleg på NVE sine nettsider [www.nve.no](http://www.nve.no).

Terreng lågare enn nivået for minst 200 års flaum må få ligge urørt. Senkar ein terrenget lågare enn flaumhøgda vil ein for det første skape nye flaumutsette areal. Vidare så vil endra elveprofil ved stor flaum kunne endre vatnet sin retning og fart slik at det i verste fall kan medføre erosjon og skadar på nye stader. Ein flaum som når areal der vegetasjon/torvdekke er fjerna i driftsfasen vil kunne gi erosjon og

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**

Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**

Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**

Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**

Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**

Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

**Region Øst**

Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



massetransport. I ROS analysen må tiltaket sin verknad for fare for flaum og erosjon vere sentrale tema. Ved Krossdal må ein sjå til at Modalsbekken ikkje kan ta seg nytt laup over masseuttaket.

Dersom planen inneber inngrep i elvar/vatn må det gjerast greie for om det er knytt ålmenne interesser til vassdraget, og korleis inngrepet påverkar desse ålmenne interessene. Som døme på ålmenne interesser kan nemnast fiskens frie gong, ålmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for ålmenne interesser.

Fare for avrenning til vassdraget, og avbøtande tiltak for å hindre dette, må ha eit særskilt fokus.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland  
Modalen kommune



Modalen kommune  
Postboks 44  
5729 MODALEN

Dato: 07.01.2015  
Vår ref.: 2014/23719-6  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart av detaljregulering av sandtak Krossdal og Helland - Modalen kommune

Vi viser til brev motteke 24. 11.2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for sandtak Krossdal gnr. 76 og Nedre Helland gnr 78 med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er tilrettelegging for uttak av sand. Føremålet masseuttak er i samsvar med kommunedelplan frå 2004 som er stadfesta i kommuneplan 2014 – 2015. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Landskap

Tiltaket vil naturleg gje større endringar i landskapet. Driftsperioden er lang; 40 år, og det må sikrast at dei negative landskapseffektane er avgrensa og kontrollerte. Prinsippet bør vera at det til ei kvar tid er avgrensa område som er ope og eksponert. Planen bør ha tydeleg og juridisk bindande regulering av uttak og reetablering gjennom planomtale, plankart og føresegner. Dette bør gjelda uttaksområde, eksponeringsflater og tilbakeføringsareal inkludert landbruksareal. Planen må sikra at reetablert jordbruksareal har tilstrekkeleg kvalitet etter avslutta uttak, og reetablering bør gjerast trinnvis og snarast råd etter at eit område er opna.

Planen bør definera høgder på ulike uttaksnivå og på ferdig planert tilbakeført areal. Det må takast tilstrekkeleg omsyn til klimaendringar med tanke på flaum og vasstand i Modalselva og sidevassdrag.

Planomtalen eller konsekvensutgreiinga bør illustrera landskapseffektar. Illustrasjonane bør presentera ulike fasar gjennom heile driftsperioden, t.d. kvar 5. år i ein uttaksfase på 40 år.

#### Kulturminne

I konsekvensutgreiinga må kulturminna skildrast, og konfliktgraden mellom tiltaksområde og kulturminne, både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid, avklarast. Eventuelle avbøtande tiltak bør drøftast. Det må gjerast ei potensialevurdering for funn av ukjende automatisk freda kulturminne. Mangelfull konsekvensutgreiing eller føresegner som ikkje ivaretek viktige kulturminneinteresser er motsegnsgrunnlag frå kulturminnemynde.

Det er ein stor føremon at planproduktet, særleg plankartet, føresegner og retningslinjer, er ryddige slik at det er minst mogleg konflikt med kulturminneinteressene. Ein bør bruke dei



databasane og kjeldene som er tilgjengelege som gjeld kulturminneinteressene som grunnlag for arealdisponering.

Når det gjeld heilt konkrete tilhøve med omsyn til dei automatisk freda kulturminna oppe på terrassen, Askeladden id. nr. 91157, 91158, 91159, 91160, 91161, 91162, 91164, 91165 og 91166, så vil Hordaland fylkeskommune føreslå at planområdet vert redusert mot sør slik at dette området med kulturminne vert teke ut av planen. Slik plangrensa no ligg føre går den rett over og deler dette arealet med automatisk freda kulturminne. Det er å føretrakkja at arealet på bnr. 18 ned til vegen, samt litt av bnr. 1 aust for bnr. 18, og litt av bnr. 4 vest for bnr. 18 vert teke ut. Samla utgjer dette i overkant av 20 mål.

Alternativt skal arealet visast på plankartet som omsynsone **d**, **SOSI-kode H730**, gjerne i kombinasjon med LNF.

Fire av kulturminna vart etter oppgradering av riksantikvaren sin database Askeladden i 2004 og 2005 lagt inn som automatisk freda (to gravrøyser og to tufter) medan fem andre vart lagt inn som uavklart (tre steingardar og to røyser). Dei utgjer eit samla kulturmiljø og det ser også ut til at minst fem av desse strukturane er å finna att markert på utskiftingskartet for nedre Helland frå 1923.

Dei automatisk freda kulturminna på Krossdal, Askeladden id. nr. 91173 og 91174, vert liggjande utanfor planområdet. Det er då særst viktig at landskapsmessige tiltak ikkje skjemma eller berører desse.

Av kulturminne frå nyare tid er det kun to bygningar i SEFRAK-registeret som ligg inne i planområdet. Dette er våningshuset og eit vedskjul/eldhus på bnr. 3. Elles vart som kjent gamletunet fullstendig øydelagt etter raset i 1953.

### Omsynssoner

Freda kulturminne må visast på plankartet med omsynssone **d**, jf. Plan- og bygningsloven §11-8, d. Kulturminne som ikkje er freda kan òg ha verneverdi, desse bør visast på plankartet som omsynssone **c** innanfor planområdet, jf. Pbl § 11-8, c. Omsynssoner skal i utgangspunktet kombinerast med arealføremål som ikkje opnar for nye tiltak, til dømes LNF. Det må vidare knytast føresegner til omsynssone **d** og retningsliner til omsynssone **c** som sikrar at verneføremåla blir ivaretekne. Teksten vil måtte tilpassast det einskilde tilfelle, men kan til dømes vere følgjande:

Omsynssone **c** (SOSI-kode H570) Nye tiltak skal ivareta omsynet til kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap i området. Saker som gjeld tiltak i omsynssona skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneinteressar.

### Omsynssone **d** (SOSI-kode H730)

I omsynssone **d** er det automatisk freda kulturminne. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova §4, jf §6. Tiltak eller inngrep som kan øydeleggje, skade, tildekke eller på annan måte utilbørleg skjemma kulturminnet mellombels eller permanent er ikkje tillete, jf. kulturminnelova §3.

### Generelle føresegner

Dei juridisk bindande føresegnene bør i størst mogleg grad sikre at verneverdige kulturminne ikkje vert unødig skipla, til dømes ved å inkludere følgjande i dei generelle føresegnene:

*Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje skiplar verneverdige kulturminne og kulturmiljø.*

*Dersom kulturminne vert råka skal saka leggjast fram for kulturminnemynde.*

*Verneverdige einskildbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogeleg grad takast vare på som bruksressursar og verte sett i stand, jf. pbl § 11-9 nr. 7.*

### Konklusjon - kulturminne

Det er i dag kjent automatisk freda kulturminne innanfor planområdet; fire automatisk freda kulturminne og fem uavklarte. Potensialet for nye funn er rekna som svært høgt i delar av planområdet. Med utgangspunkt i funn og tidlegare synfaringar, og for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jmf. § 9 i kulturminneloven vil det bli stilt krav om arkeologisk registrering. Vi har ikkje heimel til å krevja registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vera ein fordel for tiltakshavar å klarleggja spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Jfr. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

#### Næringsutvikling

Modalen kommune har lange tradisjonar knytt til utnytting av lausmasseressursane i dalen. Planen er ei vidareføring av denne tradisjonen. Kommunen har planlagt uttaket gjennom langsiktig planlegging med utarbeiding av reguleringsplanar, kommunedelplan og kommuneplan. Det er lagt vekt på kontrollert og langsiktig drift. Vi har ikkje merknader til dette, men vil peika på at planen bør setja avgrensingar for uttaket av masse, t.d. årleg uttak, og dette bør sikrast juridisk t.d. gjennom føresegnene.

Konsekvensutgreiinga bør presentera arealrekneskap for jordbruket i området som viser tilgjengeleg jordbruksareal og arealkvalitet gjennom driftsperioden og ved avslutta drift.

#### Vilt og innlandsfisk

Uttak og drifta av massetaket må gjennomførast på ein slik måte at slam ikkje fører til skade på livet i Modalselva. Kantvegetasjon bør vera intakt gjennom driftsperioden. Ved utforming av plankartet og føresegnene bør dette sikrast.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskapsverknaden, og at det vert lagt til rette for planstyrt og kontrollert uttak og reetablering. Det er automatisk freda kulturminne i området, nyare tids kulturminne og potensiale for fleire funn av kulturminne. Vi rår til at planområdet vert redusert med omlag 20 da, alternativt at det vert nytta omsynssone d.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Per Nordmark, planseksjonen, regionalavdelinga

Lars Øyvind Birkenes, kulturminnevern og museum, kultur- og idrettsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN